

# Lindås Bygdelag

---

## ÅRSMELDING 2013

Årsmøtet vart halde tirsdag 9. april 2013.

Programinnslaget var eit kåseri av Karstein Stene med tittelen ”*Katharina Saltnes 1862-1946. Lindås sin store kunstnar – Uberømt i si tid*”.

Følgjande vart valde inn i styret:

Ingvar Fanebust, Rigmor Helle Dahl, Bjørn Dahl, Einar Støldal, Åge Fanebust og Nina Bøe.  
Varafolk:

Gurid Espe, Terje Kolås og Ove Jan Paulsen,

Årsmøtet ba samrøystes styret om å konstituera seg sjølv.

Revisor: Kirsten Fjellanger og Helge Fjellanger

Valnemnd: Solveig Johnsen og Atle Rød

På styremøte konstituerte styret seg slik:

Leiar: Nina Bøe

Nestleiar: Bjørn Dahl

Kasserar: Rigmor Helle Dahl

Skrivar: Gurid Espe

Det nye styret har i alt hatt 6 styremøter: 19. februar, 14. mai, 28. mai, 17. september, 12. november 2013 og 28. januar 2014.

I tillegg har laga i bygda vore innkalla til skipingsmøte for 17. mai. Det har og vore møter i Trafikkgruppa for Lindåsbygda, Prosjektgruppa for skulptur av Katharina Saltnes, samt Kystsogevekene/Opning av Slusene. Det ligg føre egne referat frå desse møta.

Årskontingenten har vore kr 150,-

## **Samandrag av aktiviteten i Lindås Bygdelag dette året:**

### **17.mai feiringa i Lindåsbygda**

Feiringa har dei siste to åra vore i Lindåshallen. I samband med 17. mai feiringa 2013 blei det lagt ut skjema der bygdefolket kunne krysse av for kvar dei ynskte at arrangementet skulle haldast i framtida. Alternativa var Lindås Ungdomsskule eller Lindåshallen. Stemmene blei talde av 2 representantar frå Lindås Bygdelag, samt ein representant frå Lindås Idrettslag (ansvarleg arrangør i 2013). Stemmene fordelte seg slik:

Lindåshallen: 251 stemmer

Lindås Ungdomsskule: 95 stemmer

17. mai arrangementet i Lindåsbygda vil difor halde fram i Lindåshallen.

### **Lindåsbygda si markering av kunstnaren Katarina Saltnes**

I regi av Lindås Bygdelag og Vangsgutane, er det bestemt å reise ein skulptur av Katharina Saltnes i Lindåssparken. Ei prosjektgruppe vart satt saman og har hatt ansvar for val av skulptur, sokkel og plassering. Skulpturen vart tinga hos kunstnaren Arne Mæland frå Os. Det vert ein skulptur støyp i bronse og plassert på granittsokkel.

Finansieringa av prosjektet vert gjort gjennom kunstlotteri, der flotte gåver er gjeve frå lokale kunstnarar. Ein betydeleg sum er og gjeve i gåve frå næringslivet i Nordhordland og Bergen, samt privat personar. Avdukinga er planlagt 25.mai 2014 i samband med det årlege Lindåsniar´n arrangementet. Den vil finne stad i –og rundt Lindås Kyrkje.

## **Opning av Lindås Sjøvassluser og Kystsogevekene 2013**

Opninga av Kystsogevekene 2013 fann stad samstundes med opninga av dei nyrestaureerte sjøvassluserne på Spjotøy, laurdag 10.august.

Ei prosjektgruppe samansatt av representantar frå Heilt Originalt, Lindås Brygge og Lindås Bygdelag var ansvarleg for koordineringa av arrangementet rundt Torgdagen i samband med Sluseopninga. Arrangementet var ein stor suksess i det vakre sommarveret. På Torget var det sal av lokal, kortreist mat, husflidsprodukt og ymse anna. Det var og mykje aktivitet i Tinghuset med sal av kunst, samt Lindås Bygdelag si fotoutstilling frå Lindås i gamal tid. Det er ynskje om eit liknande arrangement årleg.

## **Lindåsniar'n – Kulturløype**

Kulturløypa vart arrangert søndag 9.juni 2013 i samband med årets Lindåsniar.

Lindås Bygdelag var medarrangør på dei ulike postane med tilhøyrande spørsmål. Gode tilbakemeldingar på løypa og innslaga.

## **TV-aksjonen**

Årets TV-aksjon blei arrangert 20.oktober 2013 og gjekk til Nasjonalforeningen for Folkehelsen sitt arbeid mot demens.

Det blei eit samarbeid mellom Frivilligsentralen som er ansvarleg, samt Pensjonistlaget og Lindås Bygdelag. Lindås Bygdelag skaffa bøssebærarar, medan Pensjonistlaget organiserte bøssebærarane på dagen. Positive tilbakemeldingar på gjennomføringa av årets aksjon. Noko justering av ruter i Kolåsfeltet er naudsynt til neste år.

## **Kulturmidlar**

Lindås Bygdelag fekk tildelt kulturmidlar for 2013. Det er planlagt ryddeaksjon til våren fleire stader, blant anna rundt idrettsbana, samt turområde for Haukåsskolten. Noko midlar er vert brukt til dette. Skilting, mellom anna til Lindås senter for dei som kjem til Lindås med båt, er og planlagt.

## **Trafikkgruppa i Lindås bygda**

Gruppa, som består av politikarar, næringsdrivande og eldsjeler i bygda, har blant anna utarbeidd ei planskisse for området rundt Lindåshallen. Det har vore møter for vidare plan med betring av trafikktilhøva i Lindåsbygda.

## **Ymse**

Lindås Bygdelag har engasjert seg i fleire saker i året som har gått. Viktige saker har vore nedlegginga av Sparebanken Vest sin filial på Lindås, mogleg endra bruk av Ner Kolås, manglande bussruter om Lindås og meir frivilleg arbeid for Lindåstunet.

Det er og satt opp fotoutstilling for bebuarane på Lindås Bu - og service senter.

Lindås Bygdelag er medvirkande i prosjektet "Vi stasar på Lindås" og det komande sommararrangementet som er planlagt i juni 2014.

Lindås, den 11. mars 2014

Nina Bøe  
Leiar

